



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Boligsenteret AS
Ervikveien 70 B

5106 ØVRE ERVIK

Dykkar ref.

Vår ref.

ANB

Journalp.ID

ArkivsakID

Arkiv nr.

11/7578

2011000751

N-504

Dato 24.05.2011

GODKJENNING - MINDRE REGULERINGSENDRING GNR 10 BNR 187 PARSELL 1-6.

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	24.05.2011	ANB	242/11

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	19.04.2011	Boligsenteret AS	SØKNAD OM MINDRE VESENTLEGE REGULERINGSENDRINGER GNR 10 BNR 187 PARSELL 1-6.
2	U	24.05.2011	Boligsenteret AS	GODKJENNING - MINDRE REGULERINGSENDRING GNR 10 BNR 187 PARSELL 1-6.

Saksutgreiing:

Boligsenteret Bergen AS har ved søknad stempla motteke 20.04.2011 søkt om mindre endring av del av reguleringsplanen for Holmemarka Aust. Endringa gjeld gnr. 10, bnr. 187 parsell 1 – 6, og viser endra tilkomst til dei enkelte bustadene. I staden for avkjørsler og garasjar mellom bustadene / i tomtegrensene, er avkjørslene og bygningar tilpassa terrenget og dei enkelte tomtene.

Søkjjar skriv at formålet med endringa er å etterkome kravet i plan- og bygningslova om tilkomst for alle, og å få til ei betre terrengtilpassing enn om reguleringsplanen skulle følgjast. Endringa gjer at alle bustadene vil får livsløpstandard.

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41A
postmottak@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 10 00

Telefaks:
56 17 10 01
avd. 56 17 11 61

Bankkonto:
1503.18.83722

Heimeside:
www.meland.kommune.no
Kartinformasjon:
www.nordhordlandskart.no

Naboar er varsla med frist for merknader sett til 13. mai. Då er påskeferien halde utanfor. Det er ikkje motteke merknader til søknaden. Saka rører ikkje ved andre offentlege mynde sitt ansvarsområde.

Vurdering:

Reguleringsplanen for Holmemarka er relativt detaljert, og viser m.a. prinsipp for avkjørsler, bygningsplassering og byggjegranser. I samband med prosjektering av bygningane på dei enkelte tomtene, er det avdekka at reguleringsplanen ikkje tok omsyn til terrengtilhøva den gongen prinsippa vart nedfelt. Profilar og snitt som følgjer byggesøknadene viser tydeleg korleis bygningar og anlegg kan plasserast og utformast utan store terrenginngrep, murar og trappeløysingar, dersom ein vel andre løysingar enn kva reguleringsplanen legg opp til.

Adminsitasjonen vurderer at den omsøkte endringa oppfyller krava til universell utforming på ein betre måte enn reguleringsplanen legg til rette for, og ser at endringa inneheld klare fordelar for området samla sett. Endringa reduserer ikkje trafikktryggleiken.

Tilsvarande vurderingar vil komme for dei øvrige felta i same delområde. Det må sendast inn eit revidert plankart for delområdet der alle endringane er teke med, i tråd med reglane for framstilling av plankart og endringar. Dette omfattar også det første delfeltet der det frå før er gjort vedtak om mindre endringar.

VEDTAK

Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, søknad om mindre endring av reguleringsplanen for Holmemarka Aust, i samsvar med søknad stempla motteke 20.04. 2011, og som vist på utsnitt av plankartet stempla motteke same dato.

Det må sendast inn revidert plankart for delområdet der endringane i alle delfelta er teke med, i samsvar med gjeldande reglar for framstilling av digitale plankart.”

Gebyr for sakshandsaminga følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagte skjema.

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester

Anny Bastesen
kommunalsjef

SITUASJONSKART

Gnr/Bnr: 10/187
 Adresse: Holsbergstien
 Eigar/søkar: Boligsenteret Bergen Prosjekt AS

Kvalitet: FKB-B

Gjeldande plan: Reguleringsplan
 Planformål: Bustad

Vår referanse: Agv

Sign.

MELAND KOMMUNE
 Kommunalavd. natur, næring
 og tekniske tenester

20 APR. 2011

J.nr. 11/6151
 Ark. 504 Saksh.
 Saksid. 11/751-1



Målestokk: 1:1000
 Dato: 24.01.2011

MELAND
 KOMMUNE



Gjerde
 Usikker eigedomsgrense
 Målt eigedomsgrense

Bolighus
 Andre bygg



Dato: 4. februar 2011 Rev.: 19.04.2011	Sign.: GEO	Gnr.: 10 Bnr.: Parsel av 187	Målestokk 1:1000 Kommune: MELAND
Ansvarlig søker: Boligsenteret Bergen as Ervikveien 70B, 5106 Øvre Ervik			
Tiltakshaver: Boligsenteret Bergen as			
Byggeadr. Holsbergstien 5918 Frekhaug Parseller 1-6 FELT B2			
Tegningen er Boligsenteret Bergen as eiendom og kan ikke benyttes uten tillatelse.			

SITUASJONSPLAN

Tiltak

Underskrift Situasjonsplan Dato